

**Vedlegg: Innspel frå arbeidstakarorganisasjonane som ikkje er innført i revidert lønspolitisk plan 2020**

Forbund	Innspel	Vurdering
Utdanningsforbundet, FO, NSF og Fagforbundet	Kva med gamal utdanning som vert fullført seinare og til slutt blir 90 stp (studiepoeng)? F.eks 60 stp frå 2000 og 20 stp i 2020, der ingenting er kompensert tidlegare.	Vurderinga er at kommunen ønskjer å oppfordre til å ta nyare utdanning, og auka incentiver skal gjelde for ny utdanning. Dersom fleire tilsette har 15 stp frå tidlegare, vil 15 nye stp gi full utteljing på 30 stp.
Fagforbundet, (NSF?)	Kan vi setje inn eit tillegg på kr 10 000 for rettleiarutdanning på 15 stp, dersom ein arbeider med studentar? Tillegget følger stilling/funksjon.	Arbeidsgivar har valt å ikkje innføre tillegg for rettleiing i revideringa og har halde fast på minimum 30 studiepoeng for økonomisk kompensasjon.
Utdanningsforbundet	Tilsette som blir konstituert i stilling som barnehagelærar, blir løna som høgskuleutdanna (bachelorgrad). Tilsette som blir konstituert i stilling som pedagogisk leiar, vert løna som høgskuleutdanna (bachelorgrad) etter ansiennitet med tillegg for pedagogisk leiar. Den tilsette får behalde sin ansiennitet. Den tilsette må vera i minst 80% stilling for å vera pedagogisk leiar. Dersom den tilsette søker delvis permisjon, slik at stillinga vert mindre enn 80%, fell tillegget bort.  Skal ein vurdere å gi løn etter utdanning, t.d. ufaglært eller faglært + tillegg for pedagogisk leiar, i staden for opprykk på høgskulenivå?  (Utdanningsforbundet undersøkjer dette meir)	Utdanningsforbundet har ikkje kome med tilbakemelding på punktet. Arbeidsgivar sitt forslag blir vidareført.
Fagforbundet, NSF, FO og Utdanningsforbundet	Ønskjer eit tillegg for HTV.  Kanskje ein skal sjå på eigen tabell for HTV?	Arbeidsgivar vurderer at tillitsvalde er sikra løn etter tariffavtalen med minimumsløn og vurderer det ikkje som relevant for å utøve verv.

FO	Tilsette i desse einingane får klegodtgjersle (i høve til 100% stilling): Tilsette i psykiatri, bu- og avlastingstenesta, barnehagar og SFO. Skogodtgjersle (vernesko)? Kva med vaktmeister?	Arbeidsgivar har ikke vurdert klegodtgjersle i lønspolitisk plan. Klegodtgjersle bør følgje einingane sine prioriteringar, innkjøpsavtalar og budsjett.
NSF	Kva med sko for alle i HOS?	Arbeidsgivar har ikke vurdert skogodtgjersle i lønspolitisk plan. Skogodtgjersle bør følgje einingane sine prioriteringar, innkjøpsavtalar og budsjett